

Berit Dianne Kilvær

Fra: Arve Helle <Arve.Helle@arbeiderpartiet.no>
Sendt: torsdag 28. november 2019 23:30
Til: Politisk VLFK Postmottak
Emne: Spørsmål i SAMMO 02.12.

Eg ønskjer å stille følgjande spørsmål i SAMMO 02.12.:

Eg har fått tilbakemeldingar frå fleire reisande med Sunnhordalandsruta om at det stadig er fulle avgangar frå Bergen fredag ettermiddag. Reisande opplever difor eit lite føreseieleg tilbod. Det er særleg utfordrande for pendlarar som må møte opp tidleg før avgang i Bergen for å vere sikra plass og reisande som har behov for påstigning på Flesland kai og seinare.

Det er så vidt eg har forstått etablert ei varslingssteneste fra Norled, men informasjonen frå den kjem etter sigande for seint til å endre reiserute. Eit alternativ for å løyse dette er sjølvsagt å auke kapasiteten på ruta, men hadde det vore mogeleg å sjå på løysingar for plassreservasjon for å skape eit meir føreseieleg tilbod?

Mvh

Arve Helle